

Arkiv: <arkivID><jplID> FE-223, FA-U01
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 08.05.2023

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
026/23	Utval for næringsutvikling og drift	07.06.2023

**Søknad til Næringsfondet - Molvik gard AS - Molvik gard As på messer og festival
Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Prosjektet Molvik gard As på messer og festival vert tildelt kroner 10 000 frå næringsfondet i Alver kommune.

Utval for næringsutvikling og drift 07.06.2023:

Handsaming:

Utvalet vedtok samrøystes kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

ND- 026/23 Vedtak:

Prosjektet Molvik gard As på messer og festival vert tildelt kroner 10 000 frå næringsfondet i Alver kommune.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for næringsutvikling og drift.

Bakgrunn:

Molvik gard AS er eit aksjeselskap. Bransje: 88.999Andre sosialtenester utan butilbod. Registrert 10.01.2022. Kjelde: Proff.no.

Saksopplysningar:

Molvik gard AS er eit aksjeselskap på Molvik gard lokalisert på Ostereidet som sel lokalmat og gardsopplevingar. Verksemda vart etablert vinteren 2022. Molvik gard AS kjøper alle råvarer frå lokale produsentar og vidareforedlar dette før vidareasal. Bedrifta deltar på messer og festivalar rundt i heile Nordhordland og sel ferske bær og vidareforedla produkt frå Molvik gard og Nordhordland biosfæreområde.

Om prosjektet:

Molvik gard har det siste året blitt en betydeleg leverandør av gardsopplevingar og lokalmatopplevingar i indre Osterfjord. Produkta vert seld i fleire lokale butikkar og selskapet deltar jamleg på marknadsdagar og liknande arrangement i Nordhordland.

Bedrifta sel mykje varer på slike marknadsdagar og festivalar gjennom året og treng betre profileringsmateriell for å bli meir synleg på dei største messene. Gjennom dette prosjektet ønsker bedrifta å profesjonalisere standen ein bruker på alle arrangement ein deltar på gjennom året.

Prosjektleveranse/Målsetting

Bedrifta vil investere i popuptelt, rollups, krittavle og høge beachflagg slik at ein vert meir synleg på avstand. Rollup skal informere om produkta og Nordhordland biosfæreområde. Krittavle skal ein bruke til å annonsere for dagens tilbod eller vise veg til standen.

Prosjektøkonomi:

Prosjektnavn	Prosjektkostnad	Søknadssum	Framlegg
Molvik gard As på messer og festival	70 000	35 000	10 000

Vurderingsgrunnlag

Vurderinga tar utgangspunkt i Fondsvedtektene for næringsfondet og vert vurdert ut frå føremål og målsetting. Det vert gjort ei heilskapleg vurdering ut frå prosjektet sitt bidrag til næringsutvikling, vekst og fleire arbeidsplassar i Alver kommune.

Søknaden viser til at Molvik Gard ønskjer å gjennomføre eit utviklingsprosjekt og gjeld i hovudsak støtte til investering i nytt utstyr til synleggjering og profilering på messer og festivalar. Gjennom auka synlegheit ønskjer selskapet å skape auka omsetning av produkta og med dette vidare vekst i bedrifta. Dette kan bidra til arbeidsplassutvikling i verksemda og slik stimulere til ei berekraftig næringsutvikling.

Vurdering:

Alver kommune ser positivt på utviklingsprosjektet Molvik Gard viser til for å synleggjere produkta, skape auka omsetning og vidare utvikling og vekst i verksemda. Etter ei vurdering samla sett er prosjektsøknaden i samsvar med næringsfondet sine vilkår ved at det viser til tiltak som stimulerer til vekst i eksisterande verksemdar i Alver kommune.

Vedlegg i saken:

31.05.2023	Bilde 1	1934917
31.05.2023	Molvik Gard AS søknad 29.04.23	1934918
31.05.2023	Prosjekt -Budsjett -Molvik gard på messer og festival	1934919